

Kartlegging av kommunalt næringsarbeid i Hordaland

Vår 2006

ANALYSE, UTGREIING OG DOKUMENTASJON
Hordaland fylkeskommune

The logo consists of the letters 'AUD' in a stylized, handwritten font. The letters are orange and have a slight shadow or outline, giving them a three-dimensional appearance. The 'A' and 'U' are connected, and the 'D' is separate.

Innhald:

1:	Innleiing	s3
2:	Om undersøkinga	s3
3:	Ressursar kommunane nyttar til næringsarbeid og næringsutvikling	s5
4:	Ulike formar for kommunalt næringsarbeid	s10
5:	Kommunale næringsfond	s12
6:	Kommunale og interkommunale næringssekskap	s15
7:	Kommunane sine viktigaste næringsutviklingsprosjekt og utfordringar	s17
	Oppsummering og vegen vidare	s20

Vedlegg:

	Spørjeskjema	s22
	Samla resultat – absolutte tal	s25

1 Innleiing

Arbeidslaget Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) har på oppdrag frå Strategi og næringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune gjennomført ei spørjeundersøking om kommunalt næringsarbeid blant kommunane i Hordaland, med hovudfokus på kommunane sin ressursbruk og organisering av dette arbeidet i 2006. Vi vil her gjere greie for korleis undersøkinga vart gjennomført og presentere dei viktigaste resultatane frå kartlegginga.

2 Om undersøkinga

Alle kommunane i Hordaland er representerte i undersøkinga. Datamaterialet består av 33 intervju, eit med ein representant frå kvar kommune i fylket. Oppdragsgivar ynskte i utgangspunktet at den som skulle intervjuast i kvar kommune, skulle vere ein administrativt tilsett, tildømes rådmann eller nærings sjef alt ettersom kven i kommunen som hadde best grunnlag for å svare på spørsmål knytt til kommunen sitt næringsarbeid. Difor vart i fyrste omgang rådmannen kontakta i kvar kommune for å finne fram til riktig person. Det endelege utvalet i undersøkinga er samansett av :

17 rådmenn

11 andre administrativt tilsette

5 ordførarar

Intervjua vart hovdesakeleg gjennomført som semistrukturerte telefonintervju. Alle respondentane fekk spørjeskjemaet tilsend elektronisk før intervjuet fann stad. Nokre av respondentane valde sjølv å returnere skjemaet utfylt. Dette vart då nytta som eit utgangspunkt for telefonintervjuet. Seks kommunar har utelukkande svart på undersøkinga skriftleg.

Undersøkinga har som mål å kartlegge næringsarbeid på kommunalt nivå. Det vert mellom anna sett fokus på kor mykje ressursar kommunane nyttar på næringsarbeid, korleis dei organiserer arbeidet, kva som er dei viktigaste prosjekta knytt til næring som er på gang og kva som er dei største utfordringane kommunane har når det gjeld å drive næringsarbeid i sin kommune. I rapporten blir fylket delt i indre og ytre strøk for analyseformål. Følgjande inndeling blir brukt:

Ytre strøk	Indre strøk
Askøy	Eidfjord
Austevoll	Etne
Austrheim	Granvin
Bergen	Jondal
Bømlo	Kvam
Fedje	Kvinnherad
Fitjar	Masfjorden
Fjell	Modalen
Fusa	Odda
Lindås	Ullensvang
Meland	Ulvik
Os	Vaksdal
Osterøy	Voss
Radøy	
Samnanger	
Sund	
Stord	
Sveio	
Tysnes	
Øygarden	

Den samla svarfordelinga til kommunane i undersøkinga er presentert grafisk i vedlegg 2.

3 Ressursar kommunane nyttar til næringsarbeid og næringsutvikling

Kor mykje vert brukt til dette arbeidet?

Innleiingsvis i denne kartlegginga skal vi sjå på kor mykje ressursar kommunane i Hordaland nyttar på næringsarbeid og næringsutvikling. Kommunane vart mellom anna spurd om kor mykje pengar som er sett av til dette føremålet for 2006. Dette er noko som er vanskeleg å måle heilt nøyaktig. Orsaka til dette er mellom anna at det kan vere vanskeleg å setje noko klår grense for kva typar kommunal aktivitet som skal inngå i det ein reknar som kommunalt næringsarbeid. Dette kan variere frå kommune til kommune. I tillegg kan det og vere vanskeleg å vite på førehand kor mykje pengar ein kommune vil bruke til dette føremålet. Det siste gjeld særleg kommunar som organiserer næringsarbeidet sitt gjennom kommunale næringsfond, og som deler ut midlar etter søknad. Dette medfører at det er noko usikkerheit knytt til tala. Tala kan likevel gje ein peikepinn på nivået på den kommunale innsatsen i næringsarbeid og næringsutvikling i, og ikkje minst seie noko om variasjonar mellom kommunane i fylket på dette feltet.

Totalt har kommunane i Hordaland sett av 48 millionar i budsjetta sine for 2006 til næringsarbeid og næringsutvikling. Det er imidlertid store variasjonar mellom kommunane når det gjeld ressursbruk på dette området. Dei kommunane som set av minst, planlegg å nytte rundt 20 kr. i snitt pr innbyggjar, medan den kommunen som har sett av mest, nyttar 6282 kr. i snitt pr innbyggjar. Ser vi fylket under eitt, blei det i snitt brukt 106 kr pr innbyggjar. I følgje mellombelse tal frå SSB / KOSTRA var landsgjennomsnittet i 2005 på 91 kr pr. innbyggjar.


Tabell 1: Kr. pr innbyggjar til næringsarbeid og næringsutvikling etter region

Region	Kr. pr innbyggjar
Sunnhordland	119
Hardanger og Voss	593
Bjørnefjorden	79
Bergen og Askøy	22
Øygarden og Sotra	137
Osterfjorden	303
Nordhordland	140

Om ein tek føre seg det regionale nivået er det Hardanger- og Voss-regionen som peiker seg ut som den som nyttar mest pengar på næringsutvikling (sjå tabell 1). Her vert det i snitt sett av 593 kr. pr innbyggjar, medan Bergen/Askøy kjem lågast ut med 22 kr. pr innbyggjar.

Kommunane har i denne undersøkinga også svart på kor mykje dei sette av til næringsutvikling og næringsarbeid i 2005. Når vi samanliknar tala for 2005 og 2006 syner dei at fleirtalet av kommunane planlegg å bruke om lag like mykje på denne sektoren i år som dei gjorde i fjor. Det er 9 kommunar som planlegg å bruke meir, medan 5 kommunar planlegg å bruke mindre enn i fjor. Det er ein noko større del av kommunane i ytre strøk som planlegg å bruke meir enn i fjor, enn det er blant kommunane i indre strøk av fylket.


Figur 1 : Nivået samanligna med i fjor



Korleis blir midlane fordelte på ulike typar næringsarbeid/næringsutvikling?

Respondentane blei spurt om det vart sett av pengar til kommunalt næringsfond, kommunalt næringssselskap, interkommunalt næringssselskap eller Regionråd/Tiltakskontor. 25 av 33 kommunar sett av pengar til regionråda (kontingent til Regionrådet Bergen og Omland er ikkje tatt med i denne kartlegginga då dei ikkje har drive med næringsutvikling fram til no), 13 kommunar har sett av pengar til kommunalt næringsfond. 6 kommunar nyttar pengar til kommunalt næringssselskap, og 8 til interkommunalt næringssselskap.

Figur 2: Vert det sett av midlar til følgjande for 2006?:




Når det gjeld å setje av pengar til kommunale næringsfond er det stor skilnad på kommunane i indre og ytre strøk i fylket. 70 % av kommunane i indre strøk har sett av midlar til dette føremålet for 2006, medan det same berre er tilfelle for 20 % av kommunane i ytre strøk.

Lista i figur 2 er ikkje uttømmende med omsyn til kva tiltak ein kan bruke pengar sett av til næringsutvikling/næringsarbeid på. Respondentane vart difor også spurd om det vert set av midlar til *andre* næringsutviklingstiltak. Her vart det oppgjeve ei rekke ulike tiltak, dei fleste av desse er konkrete lokale prosjekt som vert støtte av kommunen. Det som flest kommunar her har felles er at det blir gjeve støtte til aktivitetar og organisasjonar som driv med reiseliv og turisme. Det vert og sett av pengar til dømes til marknadsføring, kultur, plan/arealarbeid. 8 av 33 kommunar oppgjev at dei ikkje sett av pengar til andre næringsutviklingstiltak enn dei som er gjengjeve i figur 2.

Kommunale stillingar knytt til næringsarbeid

Figur 3: Har kommunen egne stillingar knytt til næringsarbeid?




I tillegg til å bruke midlar på tiltak og prosjekt, er stillingar i kommunen og ein form for ressursbruk i kommunane sitt næringsarbeid. Figuren viser at fleirtalet av kommunane ikkje har egne stillingar knytt til næringsarbeid. Det er små skilnadar på indre og ytre strøk når det gjeldt dette spørsmålet.

Det kom fram i undersøkinga at fleire kommunar har lagt 'næring' som ansvarsområde inn under andre stillingar. I mange kommunar er det ordføraren som er tiltakssjef. I andre kommunar er det til dømes rådmann, assisterande rådmann, jordbrukssjef eller teknisk sjef som har ansvaret for kommunens næringsarbeid, men utan at det er spesifisert som ein fast brøk av stillinga. "Nei"- gruppa i denne figuren representerer dei kommunane der dei organiserer seg på denne måten.

4 Ulike formar for kommunalt næringsarbeid

Figur 4: Driv kommunen med følgjande typar næringsarbeid?



Av dei formane for næringsarbeid som vart foreslått, peiker tilrettelegging av areal seg klart ut som den som flest kommunar driv med. Informasjonsverksemd og nettverksbygging kjem på dei neste plassane når ein ser heile fylket under eitt. Etablerarkurs er det få som driv i kommunal regi. Dette har nok i all hovudsak samanheng med at dette er ei oppgåve kommunane overlet til regionråda eller andre samarbeidspartnarar. Dei kommunane som oppgjev at dei driv etablerarkurs er i all hovudsak kommunar som er medlem i regionråd som ikkje driv med næringsarbeid, eller som ikkje er medlem i eit regionråd i det heile tatt.

Samla sett ser det ut til å vere ein tendens til at kommunane i dei ytre strøka i fylket generelt er meir aktive innan desse formene for næringsretta arbeidet enn kommunane i indre strøk. Skilnadene er størst når det gjeld nettverksbygging, oppfølging av etablerte bedrifter, etablerarretteiing og marknadsføring. Dette kan til ein viss grad tenkast å ha samanheng med kva type næringsarbeid som vert utført på regionalt nivå, via regionråd, interkommunale selskap og liknande.


Som ei oppfølging til dette spørsmålet vart respondentane spurd om kommunen driv med andre typar næringsarbeid. Det som vart framheva i tillegg til dei formane for næringsarbeid som er vist i figuren over, er arbeid knytt til mellom anna landbruk, utdanning, samferdsel, reiseliv, planarbeid og busetnad.

Kva arbeider kommunane mest med?

Respondentane vart vidare spurd i eit ope spørsmål om kva kommunen arbeider mest med når det gjeld næring. Kartlegginga syner at det er nokre område som peiker seg klart ut på dette området. Det området som flest oppgjev at dei arbeidar mest med, er tilrettelegging av areal. Vidare er det arbeid knytt til plan, samferdsel og sakshandsaming i samband med kommunale næringsfond som framhevast av fleire.

5 Kommunale næringsfond

Figur 5: Har kommunen eit eige næringsfond?




21 av 33 kommunar oppgjev at dei har eit kommunalt næringsfond. Som figuren syner er det også her skilnad på indre og ytre strøk i fylket. Alle kommunane som i denne rapporten er plassert i indre strøk (sjå oversikt side 4) oppgjev at dei har eit kommunalt næringsfond, medan det same berre er tilfelle for 40 % av kommunane i ytre strøk.

Når det gjeld organiseringa av ordninga varierer den frå kommune til kommune. Enkelte kommunar set av pengar på budsjettet som dei overfører til fondet, medan andre kommunar tar midlar frå fondet og sett inn i budsjettet til ulike typar av nærings tiltak. Nokre set av ein sum for året som vert brukt slik at fondet vert tømt kvart år, mens andre har større fond som aukar frå år til år. I tillegg er det ikkje alle kommunane som får tilført eller tilfører nye midlar til fondet for 2006. 6 av dei 21 kommunane som har kommunalt næringsfond oppgjev at fondet ikkje vert tilført midlar for 2006. Når det gjeld dei kommunane der det blir tilført nye midlar til fondet er det stor variasjon i kor mykje pengar som blir

sett inn i fonda. Dei kommunane som set mest pengar inn i kommunalt næringsfond, og som har dei største fonda, er dei kommunane som har kraftinntekter.

Nokre av dei kommunane som ikkje sett inn nye midlar i fondet rapporterer at fondet er i ferd med å tappast og avviklast. Av dei kommunane som *ikkje* har kommunalt næringsfond pr i dag er det nokre som opplyser at dei hadde denne ordninga tidlegare, men at den har vorte avvikla.

Figur 6: Gjev fondet støtte til tilretteleggingstiltak, direkte støtte til bedrifter eller begge deler?




Det er ulike måtar å nytte midlane i kommunalt næringsfond på. Inntrykket er at for dei fleste kommunane som har kommunale næringsfond, er hovudfokuset retta mot å gje direkte stønad til bedrifter og prosjekt knytt til næringsutvikling i kommunen. Dei fleste oppgjev at dei nyttar det kommunale næringsfondet både til å gje støtte til enkeltbedrifter og til tilretteleggingstiltak (sjå figur 6).

Dei kommunane som har kraftfond kan også nytte midlar frå fondet til andre formål enn næring. Ofte vert dette kalla fellestiltak. Her kan det vere snakk om alt frå samferdselssatsing til kommunale byggeprosjekt. Kor mykje av fondet som skal nyttast til næringsutvikling og kor mykje som skal gå til fellestiltak er ikkje klart definert hos dei fleste av desse kommunane. Det er og sånn at kor mykje som vert gitt ut av tilskot frå fondet avheng av søknadsmassen, som kan variere frå år til år. Det er derfor ikkje mogleg å svara på kor mykje midlar frå fondet som vert nytta i løpet av 2006.

6 Kommunale og interkommunale næringssselskap

Figur 7: Kommunale og interkommunale næringssselskap



Ein del kommunar har vald å organisere delar av næringsarbeidet sitt gjennom kommunale og interkommunale næringssselskap. Dette gjeld om lag halvparten av kommunane i fylket. Av dei 8 kommunane som har eit kommunalt næringssselskap er det 2 som ikkje har sett av mildar til dette for 2006. Det er ein større del av kommunane i indre strøk som verken har kommunalt eller interkommunalt næringssselskap enn det er blant kommunane i ytre strøk av fylket. Igjen kan dette ha samband med at det er fleire av kommunane i ytre strøk som ikkje er medlem av regionråd som driv med næringsutvikling enn det er blant kommunane i indre strøk.

Det er tre interkommunale næringselskap i fylket som kommunane set av pengar til:

- **Bjørnefjorden næringsutvikling:** Er eigd av kommunane Os, Samnanger og Fusa. Styret i selskapet består av ordførarane i dei tre kommunane og representantar for organisasjons- og næringslivet i kommunane. Selskapet er imidlertid vedteke avvikla, men det er framleis planar om næringssamarbeid mellom dei tre kommunane, om enn i ei anna form enn i dag.
- **Gode sirklar AS:** Er eigd av kommunane Sund, Fjell og Øygarden, medan SINTEF har ansvar for utvikling og drift gjennom ei fireårig partnerskapsavtale. I styre sit representantar frå næringsliv, forskning og kultur og ordførarane i dei tre kommunane.
- **SNU AS :** Er eit selskap som skal gjennomføre omstillingsarbeid i kommunane Stord, Fitjar og Sveio i perioden 2001 til 2006. Hordaland Fylkeskommune, Innovasjon Noreg og Samarbeidsrådet for Sunnhordland har observatørar i styret, kommunane er ikkje representert i styret.

Overføring til Regionråda

Som vi så i innleiinga i denne undersøkinga set 25 av kommunane av midlar til regionråd som driv med næringsarbeid og næringsutvikling. Kommunane betalar pengar til regionråda form av ein kontingent som reknast ut frå folketalet.

7. Kommunane sine viktigaste næringsutviklingsprosjekta og utfordringar

Kva er dei viktigaste næringsutviklingsprosjekta som er på gang i kommunane?

For å få ei betre innsikt i kva som skjer av næringsarbeid i kommunane blei respondentane bedne om å nemne dei tre viktigaste næringsutviklingsprosjekta som er på gang i deira kommune. Svara som vart gjevne syner eit stort mangfald. Likevel kan svara grupperast under nokre hovudkategoriar som dekkar store delar av det arbeidet som kommunane sjølve reknar som viktig. Desse er:

- **Tiltak knytt til samferdsel og infrastruktur:** Mange ser det som ei svært viktig oppgåve å betre tilhøva for næringslivet, og i kommunen, ved å betre kommunikasjonstilhøve. Dette inkluderer mellom anna utbetring av vegnettet, nye bruer og tunnelar og utbygging av breiband.
- **Tilrettelegging av areal:** Mange av kommunane arbeider aktivt med tilrettelegginga av areal. Her blir det trekt fram prosjekt som konkret er retta mot lokalisering av bedrifter (industri- og forretningsareal) men og tilrettelegging av areal til bustad og hytter blir trekt frem som viktige næringsutviklingsprosjekt.
- **Utbyggingsprosjekt:** Mange kommunar har og konkrete utbyggingsprosjekt på gong. Her er det snakk om ei rekke ulike utbyggingsprosjekt frå industrihage og senterbygg til fleirbrukshall og golfbane.
- **Planprosessar:** Fleire av kommunane ser på planarbeid som noko av det viktigaste kommunen held på med når det gjeld næringsutvikling. Det er ulike planar som vert trekt frem i denne samanhengen, til dømes strategisk næringsplan, kommune delplan - areal og kulturplan.

Dei største utfordringane i det kommunale næringsarbeidet

Som ved andre delar av denne kartlegginga er det store forskjellar mellom kommunane når det gjeld kva dei opplever som dei største utfordringane når det gjeld å drive næringsarbeid på kommunalt nivå. Sitata nedanfor illustrerer spriket i dei utfordringane kommunane i Hordland står ovanfor:

”Å halde tritt med eit blomstrande næringsliv”

”Å få fleire til å etablere verksemdar i kommunen. Det er lav søknad til næringsfondet. Trur dette har samanheng med at folk er vant til å arbeida på store arbeidsplassar”

”Økonomi. Kommunen er fattig og har gått med underskot i mange år. Næringsmidlar er ikkje øyremerka, og blir dermed ein nedprioritert post”

Nokre av dei viktigaste utfordringane kommunane fortel om kan oppsummast under følgjande punkter:

- **Økonomi og ressursar:** Mange av dei som driv med næringsarbeid rundt i kommunane ser på det som eit stort problem at kommunen ikkje har ressursar å setje av til næringsarbeid og næringsutvikling. Fleire trekkjer fram at det er vanskeleg å få politisk gjennomslag for å satse på næringsutvikling når kommunen har lite pengar og dermed må prioritere lovpålagte kommunale oppgåver. Mangel på ressursar gjeld i første omgang pengar, men og ressursar i form av stillingar og kompetanse.
- **Kommunen si geografiske plassering:** At dette blir sett på som ei utfordring gjeld både kommunar som ligg sentralt og perifert i forhold til Bergen. Dei som framhevar dette, og som ligg sentralt i forhold til Bergen, er opptekne av at kva som skjer i Bergen og påverkar forholda i deira kommune. Her har man gjerne stor grad av pendling til Bergen. Det blir blant anna framheva et det er viktig å tenke ut over kommunegrensene og å samarbeide med andre kommunar når ein arbeider med næringsutvikling. Utkantkommunar som ser på den geografiske plasseringa som ei utfordring, er blant anna opptekne av å bygge ut infrastrukturen for å betre tilhøva for næringslivet. Fråflytting vert og knytt til utfordringar i samband med næringsutvikling i enkelte av desse kommunane.
- **Kultur for nyetablering:** Frå nokre kommunar vert det peika på at det ligg ei utfordring i å stimulere til nyskaping, etablering og ”gründerånd”. Det vert sett i samanheng med at det ikkje er kultur i kommunen for dette. Nokre stadar kan det ha samanheng med at dei som bur i kommunen er vand med å vere lønnsmotakarar. Dette er til dømes på stader der ein har eller har hatt store hjørnesteinsbedrifter. I andre kommunar i fylke er tilhøva heilt annleis på dette punktet, her fortel ein om at næringslivet klarar seg svært god på eige hand, og at det er lange og gode tradisjonar for nyskaping og etablering i kommunen.

- **Å vere ein næringsvennleg kommune:** Fleire trekkjer fram at det er ei utfordring for kommunen å vere ein god tenesteytar for næringslivet. Her kan det til dømes vere tale om at ein ønskjer å kunne tilby kortare sakhandsamingstid for byggesaker, og å vere aktiv i nettverksarbeid.

8 Oppsummering og vegen vidare

Kartlegginga syner at det er store forskjellar mellom kommunane i fylke når det gjeld næringsarbeid og næringsutvikling på kommunalt nivå. På den eine sida er det stort sprik når det gjeld ressursbruk på dette feltet. Det er dei kommunane med kraftinntekter som sett av mest pengar til næringsutvikling, og dersom vi deler fylket inn i regionar er det Hardangerregionen som nyttar mest kr pr innbyggjar på dette føremålet. Den oppgåva knytt til næringsarbeid som flest kommunar oppgjev at dei driv med, er tilrettelegging av areal.

På den andre sida er det store skilnader når det gjeld kva utfordringar kommunane opplever at dei står ovanfor. Mange av kommunane utan kraftinntekter opplever at det er vanskeleg å få sett av midlar til næringsarbeid, fordi dette kjem i konkurranse med andre viktige kommunale oppgåver. Ein annan viktig faktor når ein ser på utfordringar er knytt til geografi. Både kommunar som ligg nært og langt vekk frå Bergen, ser utfordringar knytt til kommunens geografiske plassering knytt til næringsarbeid og næringsutvikling.

Kartlegginga har også vist at det på ein del område er skilnader på kommunar som ligg høvesvis i indre og ytre strøk av fylke. Mellom anna har alle kommunane i indre strøk kommunale næringsfond, medan det same er tilfelle for under halvparten av kommunane i ytre strøk. Det ser og ut til å vere ein tendens at kommunane i ytre strøk er meir aktive når det gjeld andre formar for næringsarbeid enn kommunane i indre strøk av fylket.

Undersøkinga gjev eit innblikk i korleis kommunane arbeider. Det kartlegginga ikkje seier noko om, er *effekten* av det kommunale næringsarbeidet. Respondentane vart ikkje bedne om å vurdere dei ulike tiltaka og arbeidsmåtane i kommunen sitt næringsarbeid. Likevel er det nokre av respondentane som i intervjuet gjer seg refleksjonar rundt kommunalt næringsarbeid og korleis det bør arbeidast vidare med dette. Ein rådmann frå Nordhordland seier det på denne måten:

”Trur at den tradisjonelle måten å arbeide med næring på er på veg ut, t.d. at kommunane gjer små tilskot til næringslivet. Det som kan vere kommunen sitt viktigaste rolle framover, er som tilretteleggjar. Resten vil det vere profesjonelle utbyggjarar som tek seg av. Utfordringa her ligg på byråkratisk nivå. Det er viktig å få ned sakshandsamingstida. Det vil vere den kommunen som er best/raskast på sakshandsaming som vil bli vald av store nyetablerarar”

Andre er opptekne av samarbeid i tida som kjem. Fleire av dei som er involvert i dei interkommunale prosjekta SNU og Gode Sirklar fortel at dette har vore positivt for kommunen så langt og at dette vil vere ein svært viktig del av det kommunale næringsarbeidet framover. Når det gjeld andre former for samarbeid, er det særleg kommunane kring Bergen som er opptekne av dette, men også andre stader i

fylket er ein opptekne av å tenkje utover kommunegrensene. Ein rådmann frå Hardanger seier følgjande:

”Er ein liten kommune. Me har kanskje liten evne til å tenke større. Ein ynskjer først og fremst å få ting til lokalt. Men kanskje er det sånn at viss ein får til noko på Voss, kan det ha positive konsekvensar for oss og, til dømes med tanke på busetnad”

Dersom ein skulle arbeidd vidare med dette temaet, kunne det vore interessant å sjå meir systematisk på kva kommunane meiner at dei får ut av det arbeidet dei legg ned i næringsutvikling, og kva tiltak dei er mest nøgde med. I tillegg kunne det og vore interessant å ta for seg det kommunale næringsarbeidet i relasjon til næringsarbeid på andre nivå.

Vedlegg 1:

Spørjeskjema – kommunalt næringsarbeid

Intro: Strategi og næringsavdelinga i HORDALAND FYLKESKOMMUNE ynskjer i samband med konferansen "Næringsutvikling – Korleis gjer vi det i Hordaland" (6. april 2006) å gjennomføre ei kartlegging av kommunane sitt næringsarbeid. Arbeidslaget Analyse Utgreiing og Dokumentasjon har fått i oppgåve å gjennomføre denne kartlegginga, og håpar du kan hjelpe oss med å svare på følgjande spørsmål.

1) Næringsarbeidet i kommunen:

a) Kor mykje vart det sett av i budsjettet for 2005 til næringsutvikling/næringsarbeid i din kommune?

Noter beløp: _____

b) Kor mykje er det satt av i budsjettet for 2006 til næringsutvikling/næringsarbeid i din kommune?

Noter beløp: _____

c) Vert det satt av midlar til følgjande for 2006:

- Kommunalt næringsfond
- Kommunalt næringssselskap
- Interkommunalt næringssselskap
- Regionråd/Tiltakskontor

d) Vert det sett av midlar til andre næringsutviklingstiltak, i så fall kva tiltak?

e) Har kommunen egne stillingar knytt til næringsarbeid? Eventuelt kor mange?

Noter : _____

f) Driv kommunen med følgjande typar næringsarbeid:

- Etablerarkurs
- Etablerarrettleiing
- Oppfølging av etablerte bedrifter
- Marknadsføring/ Utadretta verksemd for å få nye etablerarar
- Nettverksbygging
- Tilrettelegging i samband med areal og infrastruktur
- Informasjonsverksemd

g) Driv kommunen andre typar næringsarbeid/tiltak?

h) Av dei ulike typane næringsarbeid, kva vert det arbeidd mest med?

2) Kommunale næringsfond

a) Har din kommune eit eige kommunalt næringsfond?

- Ja
 Nei

b) *Til dei som oppgjev at det vert sett av midlar i 1c:* Kor mykje pengar er det sett av i budsjettet for 2006 til overføring til det kommunale næringsfondet?

Noter beløp: _____

c) Kor mykje midlar er det i fondet?

Noter beløp: _____

d) Gjev fondet støtte til tilretteleggingstiltak, direkte støtte til bedrifter eller begge deler?

- Tilretteleggingstiltak
 Bedrifter
 Begge deler

e) Gis det støtte til andre type tiltak? Eventuelt kva?

3) Kommunalt næringssselskap

a) Kor mykje pengar er det sett av i budsjettet for 2006 til overføring til det kommunale næringssselskapet?

Noter beløp: _____

b) Kven sit i styringsgruppa for selskapet?

c) Kva for tenester tilbyr det kommunale næringssselskapet nyetablerarar og næringsliv i kommunen?

4) Interkommunalt næringssselskap

a) Kor mykje pengar er det sett av i budsjettet for 2006 til overføring til det interkommunale næringssselskapet?

Noter beløp: _____

b) Kven sit i styringsgruppa for selskapet?

c) Kva tenester tilbyr det interkommunale næringssselskapet nyetablerarar og næringsliv?

5) Regionråd/tiltaks kontor:

a) Kor mykje pengar er det sett av i budsjettet for 2006 til overføring til Regionrådet/Tiltaks kontoret?

Noter beløp: _____

6) Generelt om næringsarbeid:

a) Kan du nemne dei 3 viktigaste næringsutviklingsprosjekta som er på gang i din kommune i dag:


b) Kva er etter di meining dei største utfordringane når det gjeld næringsarbeidet i din kommune?

Eventuelt andre kommentarar: _____


Vedlegg 2:

Samla resultat – absolutte tal


Figur 1: Nivået samanligna med i fjor




Figur 2: Vert det sett av midlar til følgjande for 2006?:




Figur 3: Har kommunen egne stillingar knytt til næringsarbeid?




Figur 4: Driv kommunen med følgjande typar næringsarbeid?




Figur 5: Har kommunen eit eige næringsfond?



Figur 6: Gjev fondet støtte til tilretteleggingstiltak, direkte støtte til bedrifter eller begge deler?



Figur 7: Kommunale og interkommunale næringssselskap





Analyse Utgreiing og Dokumentasjon
Agnes Mowinckelsgate 5,
N-5020 Bergen, Norway
Telefon: 552 39061

VÅR 2006